



Arkivnr: 2015/143-25  
Saksbehandlar: Anne Aune, Roger Kvarsvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		11.11.2015

### Tilskot til sogelag/historielag og lokalhistorisk arbeid 2015

#### Samandrag

På budsjettposten 400.620 Ålmenne kulturvernforemål i årsbudsjettet for 2015 står det 152.000 kroner til sogelagsarbeid. Desse midlane vart i kultur- og ressursutvalet den 19. mars omgjort frå driftstilskot til ei tilskotsordning til sogelag/historielag (lokalhistorisk arbeid) med tildeling etter søknad. Tilskotet til Hordaland sogelag vert ført vidare som eit fast årlig driftstilskot.

Samla skal det fordelast 115.000 kroner. I tråd med retningslinene for tilskotsordninga skal midlane nyttast til tiltak som styrker lokalhistorisk arbeid, til dømes publikasjonar i form av artiklar, bøker, innsamling og registrering av foto og arkivmateriale, føredragsverksemd, utstillingar mm.

#### Forslag til vedtak

Kultur og ressursutvalet vedtek følgjande fordeling av tilskot til sogelag/historielag og lokalhistorisk arbeid i 2015, totalt 115.000 kroner slik:

	Søknadssum	Tilråding
Moster Sogelag	Kr. 30 000	Kr. 15 000
Kvinnherad sogelag	Kr. 30 000	Kr. 15 000
Veteranlaget Wichmann-Wärtsilä	Kr. 30 000	Kr. 15 000
Sunnhordland museum og sogelag	Kr. 30 000	Kr. 15 000
Bømlo Tur- og Sogelag	Kr. 30 000	Kr. 20 000
Vaksdal Historielag	Kr. 30 000	Kr. 20 000
Lindås sogelag	Kr. 10 000	Kr. 5 000
Radøy sogelag	Kr. 26 000	Kr. 10 000
<b>Til saman</b>	<b>Kr. 216 000</b>	<b>Kr. 115 000</b>

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 13.10.2015

På budsjettposten 400.620 Ålmenne kulturvernforemål i årsbudsjettet for 2015 er det sett av 152.000 kroner til sogelagsarbeid. Disse midlane vart i kultur- og ressursutvalet den 19. mars omgjort frå driftstilskot til ei tilskotsordning til sogelag/historielag (lokalhistorisk arbeid) med tildeling etter søknad. Tilskotet til Hordaland sogelag vert ført vidare som fast årleg driftstilskot.

Føremål for ordninga er å støtte opp om lokalhistoriske initiativ og lokalhistorisk aktivitet i samsvar med Regional plan for kultur 2015 – 2025.

Jf retningslinjene for tilskotsordninga skal midlane nyttast til tiltak som styrker lokalhistorisk arbeid som publikasjonar i form av artiklar, bøker, innsamling og registrering av foto og arkivmateriale, føredragsverksemd, utstillingar mm som vert utført av frivillige aktørar.

Det er utfordrande å finne parameter for å måle søkjarane i opp mot kvarandre. I tillegg til retningslinjene har ein også sett til prioriteringane som ligg i *Premiss: Kultur - Regional kulturplan* og tilhøyrande handlingsplan når ein har vurdert søknadane. I søknadane som no har kome inn, har ein denne gongen vektlagt fotobevaring og formidling av foto, då det er eit mål i *Premiss: Kultur - Regional kulturplan* at den nasjonalt viktige rolla som Bergen og Vestlandet har i fothistorisk tradisjon og forskning skal utviklast vidare.

I 2015 var søknadsfristen 15. april og det er kome inn 8 søknader som vert lagt fram for politisk handsaming i kultur- og ressursutvalet i august.

Etter at tilskotet til Hordaland sogelag på kr. 37.000 vert ført fast årlig vidare, skal det fordelast kr 115.000,-. Ein kan søke om maks kr 30.000,-. Alle dei 8 søknadane innfrir retningslinjene for tilskotordninga.

### **Søklar 1: Moster Sogelag**

**Samandrag/presentasjon:** Moster Sogelag ynskjer støtte til publikasjon av eit lokalhistorisk hefte og oppussing og klargjering av ny del i museum.

I samråd med Bømlo Kommune har Moster Sogelag tatt på seg oppgåva med å samle inn historier og foto av kulturminner i Moster-delen av Bømlo Kommune (Ref. møte i Bømlo Kommunehus, Kulturminneplan, 17.03.2015). Moster Sogelag deler info med Bømlo Kommune, og planlegg parallelt å gi ut info i eige hefte frå Moster Sogelag, tilsvarande tidlegare utgjeve hefte. Samtidig har Moster Museum (som blir dreve av Moster Sogelag) utvida lokala i Landmarksveien 1, og dei ynskjer her å bruke deler av søknadsummen til oppussing og klargjering av ny del i museum. Dette for å gjer plass til meir utstilling. Moster Sogelag har så langt lagt ned over 5500 dugnadstimer i Moster Museum, og har her haldt opent museum om sommaren, samt for slutta lag på bestilling,

**Søknadssum:** 30.000 kroner.

**Tilråding:** 15.000 kroner.

**Merknad:** Fell inn under *Premiss: Kultur - Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025, Handlingsprogram*. Innsatsområde 24. Lokalhistorisk arbeid. A. Utvikle den lokalhistoriske kompetansen og formidling av historie i fylket.

### **Søklar 2: Kvinnherad sogelag**

**Samandrag/presentasjon:** Kvinnherad sogelag ynskjer støtte til trykking av årboka si «Kvinnhersminne Årbok» som har ei samla kostnadsramma på 80.000 kroner.

Kvinnhersminne Årbok XVII har som hovedtema livsminne, førstereisgutar og jenter. Intervju med tidlegare sjøfolk, samt tilsette på sjømannskyrkjer. Det er styret i sogelaget om har stått for det meste av arbeidet med intervju, møte med sjøfolk, skriving av artiklar, innhenting av foto, ca. 200 timar fram til mai 2015. Årboka har også nokre lokalhistoriske artiklar om det tidlegare administrasjonsenter i Kvinnherad, Dimmelsvik, som var senter i Kvinnherad i om lag 100 år fram til ca. 1950.

**Søknadssum:** 30.000 kroner.

**Tilråding:** 15.000 kroner.

**Merknad:** Fell inn under *Premiss: Kultur - Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025, Handlingsprogram*. Innsatsområde 24. Lokalhistorisk arbeid. A. Utvikle den lokalhistoriske kompetansen og formidling av historie i fylket.

### **Søkjar 3: Veteranlaget Wichmann-Wärtsilä**

**Samandrag/presentasjon:** Veteranlaget Wichmann-Wärtsilä ynskjer støtte til bevaring, ordning og formidling av arkivmateriale frå Wichmann Motorfabrikk. Fabrikken som eksisterte frå 1903 til 1990 produserte komplette framdriftsmotorar og propellar, og slik representerer fabrikken ein viktig sektor av den industrielle framveksten knytt til fiske, fangst og samferdsel.

Veteranlaget har sett seg som mål å ivareta og formidla historikken knytt til dette. Laget har til rådvelde gode lokalitetar både til tilrettelegging og formidling, men manglar midlar til den praktiske formidlinga mellom anna til QR formidling av deler av historia. Veteranlaget skal arbeida med formidling av materialet ved å skipa utstillingar, konferansar, omvisingar og temadagar, kor både den tekniske og merkantile historikken, produktet, og produksjonsmetodane vert sett i fokus.

**Søknadssum:** 30.000 kroner.

**Tilråding:** 15.000 kroner.

**Merknad:** Fell inn under *Premiss: Kultur - Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025, Handlingsprogram*. Innsatsområde 23. Heilskapleg samfunnsdokumentasjon. B. Utvikle tenlege organisatoriske løysingar for å bevare og formidle offentlege og private arkiv.

### **Søkjar 4: Sunnhordland museum og sogelag**

**Samandrag/presentasjon:** Sunnhordland museum har på vegner av Sunnhordland Museum og sogelag søkt om støtte til publisering av årboka si «Sunnhordland årbok» som har ei samla kostnadsramma på 100.000 kroner for produksjon og trykk. Sunnhordland museum arbeider saman med Søreskogen gard i Vindafjord, og sosialantropolog Drude Isene om gjennomføringa av boka.

Sunnhordland årbok 2015 har fått tittelen «Viva Basket!» - flette tradisjonar frå Vestlandet. Boka skal syna tradisjonar knytt til fletting frå Rogaland, Hordaland og Sogn og fjordane, men har størst fokus på Hordaland. I publikasjonen vil ein også få møte fleira av dei viktigaste tradisjonsbærarane frå Vestlandet innan fletting knytt til produkt som kipe, sivsko, åluser, teiner, tægerbinding, korgar og Jærstolen. Det er tidlegare mest ikkje skrive noko om våre vestnorske flette tradisjonar og Sunnhordland museum ønskjer med denne boka å auka kunnskapen om eit viktig tradisjonelt handverk i ei tid då fletting har fått auka merksemd.

**Søknadssum:** 30.000 kroner.

**Tilråding:** 15.000 kroner

**Merknad:** Fell inn under *Premiss: Kultur - Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025, Handlingsprogram*. Innsatsområde 24. Lokalhistorisk arbeid. A. Utvikle den lokalhistoriske kompetansen og formidling av historie i fylket.

### **Søkjar 5: Bømlo Tur- og Sogelag**

**Samandrag/presentasjon:** Bømlo Tur- og Sogelag ynskjer støtte til publisering av ei lokalhistorisk biletbok for Søre-Bømlo og Espevær. Støtta skal vere med å finansiere trykking, digitalisere, opphavsrettar etc. på boksa som har ei samla kostnadsramma på 145.000 kroner.

Idéen til boka «Tilbakeblikk» vart til ved at Bømlo Tur- og Sogelag kom over ein god del lysbilete frå 1960-talet. Det vart straks klart for dei at heile lokalmiljøet burde få sjå desse bileta. Tanken om å gi ut ei biletbok med litt forklarande tekst vart skapt. I tillegg til lysbileta har Bømlo Tur- og Sogelag stor tilgang på bilete som er samla inn i samband med årboka deira, «Leidarsteidn». Desse bileta vil Bømlo Tur- og Sogelag prøva å få med ein god del av i boka. Landskapet har endra seg mykje dei siste åra, og dette vil dei óg prøva å illustrera.

**Søknadssum:** 30.000 kroner.

**Tilråding:** 20.000 kroner.

**Merknad:** Fell inn under *Premiss: Kultur - Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025, Handlingsprogram*. Innsatsområde 24. Lokalhistorisk arbeid. A. Utvikle den lokalhistoriske kompetansen og formidling av historie i fylket og innsatsområde 25. Fotobevaring, tiltak D Styrke kompetansen på fotobevaring til kommunar og ikkje profesjonelle aktørar i fylket.

### **Søklar 6: Vaksdal Historielag**

**Samandrag/presentasjon:** Vaksdal Historielag ynskjer støtte til å arkivere bilete, drive med fotoopplæring, og publisere bileter på nett.

Modalen kommune, Vaksdal kommune (VK), Vassvøre sogelag og Vaksdal Historielag (VH) starta 2009 eit arkiveringsprosjekt av bilete frå kommunane. Det vart her publisert ca. 2500 bilete. Vidare er det i Vaksdal kommune samla inn ca. 10.000 nye bileter til registrering og gjennomgang. VK og VH ynskjer å vidareføra arbeidet med publisering av innkomne bilete. Føremål med prosjektet vil vera å få organisert ei gruppe som skal vidareføra arbeidet med bileta. Gruppa kan bestå av frivillige og NAV (arbeid og sosial trening). Vaksdal kommune stiller lokale til disposisjon.

**Søknadssum:** 30.000 kroner.

**Tilråding:** 20.000 kroner.

**Merknad:** Fell inn under *Premiss: Kultur - Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025, Handlingsprogram*. Innsatsområde 25. Fotobevaring. C. Samle inn fargefotografi og digitalt skapte fotografi i Hordaland. D. Styrke kompetansen på fotobevaring til kommunar og ikkje profesjonelle aktørar i fylket.

### **Søklar 7: Lindås sogelag**

**Samandrag/presentasjon:** Vaksdal Historielag ynskjer støtte til publikasjon av årboka si «Mimra sogeskrift for Lindås», som har eit samla total budsjett på 55.000 kroner. Det er medlemmane i sogelaget som er bidragsytarar. Sogeskriftet bidrar til å ta vare på, gjera tilgjengeleg og formidla lokalsoge frå Lindås kommune.

**Søknadssum:** 10.000 kroner.

**Tilråding:** 5.000 kroner.

**Merknad:** Fell inn under *Premiss: Kultur - Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025, Handlingsprogram*. Innsatsområde 24. Lokalhistorisk arbeid. A. Utvikle den lokalhistoriske kompetansen og formidling av historie i fylket.

### **Søklar 8: Radøy sogelag**

**Samandrag/presentasjon:** Radøy sogelag ynskjer støtte til trykking m.m. til eit hefte/bok på kring 60-80 sider om nyriddingsbruk og bureisarar i det som i dag er Radøy kommune. Dei vil leggja særleg vekt på dei mange bureisarane som rydda seg gard i utmarka til seg og familien på 1920- og 30-talet. Fleire av desse artiklane byggjer på munnlege overleveringar. Boka skal gjevast ut i 500 eksemplar og distribuerast til alle

medlemmene og elles seljast til andre interesserte nyrydjingsbruk i Radøy kommune. Målet med prosjektet er å løfta fram historia om dei mange nyryddarane og bureisarane i Radøy.

**Søknadssum:** 26.000 kroner.

**Tilråding:** 10.000 kroner.

**Merknad:** Fell inn under *Premiss: Kultur - Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025, Handlingsprogram*. Innsatsområde 24. Lokalhistorisk arbeid. A. Utvikle den lokalhistoriske kompetansen og formidling av historie i fylket.